



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/257727-15

Dykkar referanse:
14/276 – 19/7268

Vår dato:
27.05.2019

Uttale – Avgrensa høyring – Kommuneplan for Radøy – Plansak 12602013000200

Statens vegvesen syner til brev mottatt med varsel om avgrensa høyring av framlegg til kommuneplan for Radøy. Frist for uttale er 31.05.2019.

Føremålet med denne høyringa er å justere framlegget for å kome i møte merknader etter første gongs høyring.

Radøy kommune har hatt ein revisjon av kommuneplan for einskilde tema:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.
- Strandsone, byggjegrænse mot sjø, arealføremål i sjø og havområda.
- Heilårsbustader på frådelte eigedomar i LNF-område.

Radøy kommune ber særleg om tilbakemelding på at framlegget no tek ut føresegn om byggjegrænser langs offentleg veg. Årsaka til dette er at kommuneplan til Radøy ikkje har føresegn om byggjegrænse til veg i dag, samt at korkje Meland eller Lindås har byggjegrænse langs veg i sine kommuneplanar / revisjon av kommuneplan.

Det er eit overordna mål frå vegdirektoratet at byggjegrænser i framtida skal behandlast av kommunane sjølve. Radøy kommune argumenterer med at dei ynskjer å samordne regelverket med Lindås og Meland, slik at handsaming av saker skal vere mest mogleg likt etter at kommunane har slått seg saman til Alver. Det vi seie at det er den generelle byggjegrænse som gjeld, og at dispensasjon frå byggjegrænse skal handsamast etter veglova i områder som ikkje er regulert. Statens vegvesen har ikkje vesentleg merknad til dette plangrepet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.